

Til KHMs styre
Fra SENKU

Sakstype: S Be Orienteringssak
Møtedato: 28.10.22
Notatdato: 17.10.22
Saksbehandler: Olav Hamran

Retningslinjer for handsaming av spørsmål om overføring av eigedomsrett til objekt i Kulturhistorisk museums samlingar

Kulturhistorisk museum er eit universitetsmuseum som forvaltar vitskaplege samlingar til bruk for forskning og formidling. Samlingane er viktige kjelder til kunnskap og er viktig kulturarv for folk i dag og for komande generasjonar.

Kulturhistorisk museum skal vere ein ansvarsfull og aktiv forvaltar av gjenstandar og samlingar. Museet skal legge til rette for bruk av samlingane som kjelder for forskning og som utgangspunkt for undervisning, formidling, dialog og samarbeid.

Museet skal ha god kunnskap om samlingane, og skal arbeide aktivt for å auke kunnskapen om gjenstandars proveniens, bruk og betydning. Museet skal samarbeide om å auke kunnskapen om samlingane med universitet, museum og andre kulturarvsinstitusjonar og kompetansegrupper, i Norge og i andre land. Målet om kunnskapsutvikling er sentralt for museet.

Kulturarv inngår i ulike samtalar og initiativ om samarbeid, deling og restitusjon, i vid forstand. Museet anerkjenner dette, og er opptatt av kulturarvs verdi og betydning for sjølvforståing og samfunnsutvikling, og som utgangspunkt for dialog, samarbeid og partnerskap.

Museet ønskjer interesse for samlingar og einskildobjekt velkomen, og skal vere budd til dialog og samarbeid. Museet skal ope og imøtekomande kome spørsmål om tilgang og eigarskap til samlingar og gjenstandar i møte. Museet skal ta initiativ til dialog og samarbeid der det er aktuelt.

Utgangspunkt for handsaming av spørsmål om eigedomsrett

Samlingane inneheld gjenstandar og kulturarvsmateriale frå ulike land, samfunn og folkegrupper. Museets utgangspunkt er samlingars og gjenstandars status som vitskapleg kjeldemateriale. Spørsmål om overføring av eigarskap kan ha ulik bakgrunn og motivasjon. Museet skal handsame slike spørsmål ut frå ønskje om kunnskapsutvikling, og ønskje om dialog, samarbeid og partnerskap. Museet skal handsame kvar sak for seg. Vurdering skal skje ut frå føreliggjande tilhøve og grunngeving, og med utgangspunkt i så god informasjon og så godt kunnskapsgrunnlag som mogleg. Gjenstandar som er omfatta av Lov om kulturminner skal handsamast i samsvar med denne lova.



Typar objekt og spørsmålsstillingar

Spørsmål om overføring av eigedomsrett kan t.d. takast opp i høve til gjenstandar og samlingar knytt til ein spesiell funnkontekst, innsamlings situasjon, opphavsstad eller -samfunn. Spørsmålet vil ikkje minst vere aktuelt for menneskelege leivningar, sakrale objekt og andre objekt knytt til kultur, historie, religion, sjølvforståing mv innanfor ei folkegruppe eller i eit samfunn. Spørsmålet er likeeins aktuelt i høve til kulturarvsmateriale frå urfolk og minoritetar, samlingar og objekt knytt til ein kolonial kontekst eller objekt innsamla i ei tid og under omstende prega av ulikskap og maktovergrep. Spørsmålet kan også gjelde andre typar objekt, og ut frå andre bakgrunnstil høve, til dømes objekt som er innsamla, omsett eller innkome til museet på illegalt og uetisk vis eller som har uklar proveniens. Det kan likeeins vere aktuelt i høve til materiale som er tapt, ikkje finst eller ikkje er tilgjengeleg på opphavsstaden eller i opphavssamfunnet. Det kan også vere aktuelt ut frå mål om restitusjon i vidare forstand. Spørsmålet kan vidare vere aktuelt som utgangspunkt for ulike typar samarbeid, forskning, kompetanseoppbygging, undervisning og formidling. Desse døma er ikkje uttømmmande.

Spørsmål om overføring av eigedomsrett kan kome frå statar, museum og andre forskings- og kulturarvsinstitusjonar eller frå andre legitime kompetansegrupper eller representantar for folkegrupper eller samfunn. Spørsmål om eigedomsrett kan også takast opp av Kulturhistorisk museum.

Særskilte spørsmål til vurdering

I samanhengar der overføring av eigedomsrett er, eller kan vere, aktuelt, skal museet vurdere:

Vitskapleg verdi: Kva er objektets nåtidige og framtidige vitskaplege verdi? Vurderinga skal omfatte moglege fleir-faglege interesser.

Samarbeidspartnar: Kven som har reist spørsmålet, og kven vedkomande representerer. Kva for tidlegare dialog eller samarbeid har funne stad, og kva for mottakar det eventuelt vil vere aktuelt å overføre eigedomsretten til. Det er av interesse om spørsmålet er ein del av eit anerkjent repatrieringsprogram eller samarbeidsprosjekt.

Bakgrunn og grunngjeving: Det vil vere aktuelt å vurdere kva slags betyding objektet har for den som har reist spørsmål om eigedomsrett, for opphavssamfunnet og for den det vil vere aktuelt å overføre objektet til. Det skal også vurderast kva for samarbeid som er aktuelt, og kva som truleg vil skje etter eventuell overføring (t.d. gravlegging, innlemming i museumssamling, formidling, forskning eller anna kunnskapsutvikling).

Objektets identitet, innsamlingshistorikk og proveniens: Identitet og proveniens for aktuelle objekt skal undersøkast og klargjerast. Museet skal vurdere om spørsmålet kan vere aktuelt også for andre objekt enn det/dei som i utgangspunktet er løfta fram, og om sakshandsaminga vil kunne tene som rettesnor for andre saker.

Andre relevante saker: Det vil vere aktuelt å undersøke om det er andre saker å samanlikne med. I dei tilfella det er aktuelt, skal museet ha dialog med andre einingar ved Universitetet eller med andre relevante institusjonar, rådgjevande organ og partar.

Lovar, konvensjonar og retningsliner på området. Ulike juridiske og etiske vurderingar vil vere relevante i høve til vurdering av eigedomsrett til kulturarvsmateriale. Juridiske vurderingar vil ikkje minst vere aktuelle i høve til materiale innsamla etter 2007, då Norge ratifiserte Unescos konvensjon av 1970 om tiltak for å forhindre ulovlig handel med kulturgjenstandar. Intensjonane i konvensjonen kan takast med i vurderinga av andre tilfelle. FN's erklæring om urfolks rettar frå 2007 legg til grunn at urfolk har rett til å ha kontroll med sin kulturarv og sin tradisjonelle kunnskap og sine kulturuttrykk. Erklæringa legg grunnlag for statars forpliktingar i høve til kulturarvsmateriale frå urfolk, og dannar bakgrunn for museets vurdering av saker som gjeld kulturarvsmateriale frå urfolk. Museets handsaming av spørsmål om overføring av eigedomsrett vil like eins kunne ta utgangspunkt i den internasjonale museumsorganisasjonens, ICOMs, etiske regelverk og i presiseringar av norske museums ansvar på dette området

Andre omsyn. Under sakshandsaminga skal museet søke å ta alle relevante tilhøve med i vurderinga. Grunnar for at overføring av eigedomsrett ikkje er aktuelt, t.d. ut frå museets mål eller ansvar, lover og regelverk, eller ut frå andre omsyn, skal vurderast.

Økonomi og praktiske spørsmål: Kven som skal dekke omkostningane ved eventuell overføring av eigedomsrett og fysisk overføring av objekt, og korleis eventuell overføring skal gjennomførast.